

Innkalling til årsmøte i Osterøy Sau og Geit 2012

Det vert med dette kalla inn til årsmøte i Osterøy Sau og Geit **onsdag 8. februar kl.19.30 i Ungdomshuset på Grønskaret.**

Ingvill Jørgensen frå medlemssentert til Nortura vil orientera om vilkår for å danna lammering.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar
3. Årsmelding
4. Rekneskap
5. Lammering
6. Val
7. Arbeidsplan
8. Eventuelle saker

Enkel servering

For Osterøy Sau og Geit

Eiliv Veseth
leiar

Årsmelding 2011

Årsmøtet 2011 vart halde på Grønskaret 16. februar. Nils Inge Hitland, leiar i Hordaland Sau og Geit, orienterte om aktuelle saker frå fylkeslaget.

Styret i meldingsåret har vore: Eiliv Veseth, leiar, Ronny Sylta, nestleiar, Kjell Lohne, kasserar og gjetarhundkontakt, Marta Røskeland, skrivar, og Jan Sigurd Thomasen, styremedlem. Tormod Bruvik 1. varamedlem og Magnar Olai Mosevoll 2. varamedlem til styret.

I meldingsåret er det halde 4 styremøte der det er handsama 13 bokførte saker.

Nemnder i 2011

Gjetarhundnemnd: Audun Seilen og Jørn Brudvik.

Utstillingsnemnd: Mons Kjetil Vevle, leiar, Tormod Bruvik og Eirik Edwardsdal

Revisorar: Jorunn Holsen og Knut Bruvik.

Valnemnd: Gunnar Njåstad, leiar, Agnar Vevle og Johannes Haugland.

På årsmøtet til Hordaland Sau og Geit møtte Eiliv Veseth og Ronny Sylta. På leiarmøtet til HSG møtte Eiliv Veseth og Ronny Sylta.

Audun Seilen er leiar for gjætarhundnemnda til Hordaland Sau og Geit, Oddvar Grimstad er varamedlem for geitehaldarane i styret i HSG. Mons Kjetil Vevle er leiar av valnemnda til HSG.

Medlemsmøte: 23.mars hadde laget medlemsmøte på Hauge. Tema: Dei vanlegaste sjukdomane på sau, førebyggjande tiltak, snyltarbehandling, flått og flugemakk, lammingsvanskar og fødselshjelp, v/ veterinær Halgrim Andersen. Anders Konglevoll, som sel sauhusinnreiging for Knarrhult, hadde innlegg om ombygging og modernisering av sauefjøs.

Oppsamlingshuset for slakt på Grønskaret: På årsmøtet 2011 vart det vedteke at utstillingshuset på Grønskaret skulle ombyggast til mottak av slaktedy. Mattilsynet hadde godkjent opplegget før årsmøtet

I mai starta arbeidet. Kjell Lohne spanderte tømmer, som vart hogd på dugnad.

Tømmeret vart saga på Veseth, og utover sommaren vart det lagt spaltegolv i huset, det vart montert vifte og innreiging frå Knarrhult, levert av Anders Konglevoll, Lindås. Ombygginga av huset har kosta ca. 70.000, som laget har dekkja. Styret har vedteke og søkja Nortura og Fatland om økonomisk støtte til ombygginga.

12. august vart oppsamlingshuset offisielt opna, med familiegrilling på utstillingsplassen. Fatland og Nortura spanderte grillmat.

Første leveransen frå Grønskaret var 6. september til Nortura og 14. september til

Fatland. Fram til nyttår er det levert 1254 dyr til Nortura, og 325 dyr til Fatland frå Grønskaret. Dette har tilført sauehaldarane på Osterøy 60- 70.000 kroner i spart stoppavgift og større puljetillegg til Norturalevrandørane og pristillegg til Fatlandlevrandørane.

Stor takk til alle som stilte på dugnad som gjorde at me fekk huset ferdig til haustsesongen!!

Lammering på Osterøy: Nortura har ei ordning dei kallar «Lammering» for leverandørar som leverer sau og lam felles til slakt. På heimesida er det lagt inn ein del informasjon om dette.

Styret har antyda eit trekk på kr.10 pr. dyr som vert levert frå Grønskaret for og dekkja driftsutgifter og vedlikehaldsutgifter. Vert det danna lammering, dekkjer Nortura utgifter med kr. 3,90 pr. dyr. Då kan trekket frå medlemene reduserast til kr. 6 pr. dyr. Styret vil derfor tilrå at dette vert gjort.

Leverandørane til Fatland har sitt eige opplegg, der Bjørn Skjoldal har kontakt med Fatland sine leverandørar og organiserer dette. Her er det også naturleg å redusera trekket til kr. 6.

Heimeside: I haust starta OSG opp med eiga heimeside. Sondre Seilen har fått arbeidet med og legga inn stoff på heimesida (ansvarleg redaktør). Heimesida skal brukast til å oppdatera medlemene om det som skjer i laget. Sida skal også brukast til å spreia nyttig informasjon om aktuelt stoff frå sau- og geitehaldet. Har du noko du vil ta opp, ta kontakt med Sondre, så vil han legga det inn på heimesida. Du finn sida på <http://nsg.no>. Du kjem då inn på heimesida til Norsk Sau og Geit. Oppe på sida trykkjer du på fylkeslaga. På neste side trykkjer du på Hordaland, og vidare på lokallag, der du finn OSG.



Melding frå gjetarhundnemda 2011

Lokalt har nemnda dette året vore slappare enn vanleg med å arrangera fellestrening og kurs. Det er ein del nye hundar på øya, og er det interesse blant medlemene, må ein berre ta tak og komma i gang att. Får håpa at kvar enkelt likevel har trent jevnt og godt gjennom året☺. Osterøy vil truleg verta spurt om å arrangera prøve i 2012.

Det skjer ein del på fylkesnivå. Ei rekke prøvar er arrangert, gjetarhundkurs i bl.a. Rosendal, oppfølgingskurs for dommarane og instruktørane i fylket. Fylkesnemda jobbar òg med opplegg for mulig NM i 2013. Me deltar òg i prosjektgruppe som skal gå gjennom organisering av gjetarhundarbeidet i landet.

Ull innsamling: Vårulla vart levert 14. april og haustulla 24. november til Fatland ull og Nortura. For 2011 har OSG fått innsamlingsgodgjerdsle for 1444 kg ull frå

Fatland, og for 4848 kg ull frå Nortura. Laget får kr.0,85 i godtgjersle pr. kg ull for det arbeidet me gjer med ull innsamlinga.

Tilskot til innkjøp av kåra lam: Styret har vedteke at OSG skal betala kr. 300 i tilskot til dei medlemene som kjøper kåra lam, og som slaktar dei no i februar/mars (Lamma må slaktast før 1. april for å unngå verepris). Meld frå til kasserar Kjell Lohne på e-post kjell@onlinebonde.no med opplysningar når vêrlammet er slakta, kven det er kjøpt frå, kåringsnr. og kontonr. pengar skal overførast til. I 2011 er det betalt ut tilskot til 2 lam.

Skotpremie på rev: For 2011 skal det betalast ut skotpremie for 17 revar (10 vaksne og 7 ungar) med kr 400 pr. rev. OSG og Osterøy Sankelag deler utgiftene.

Verlamkåring: Verlamkåringa i haust var på Stend vidaregåande skule (tidl. Jordbruksskule) i samarbeid med Fana/Os/ Arna Sau og Geit. Meininga er at laga skal samarbeida om verlamkåringa framover med kåring annakvart år på Stend og annakvart år på Osterøy. Frå Osterøy møtte 36 lam til kåring.

Fosterteljing: OSG organiserer fosterteljing på sau for medlemene. Han som har hatt teljinga på Osterøy, rekk ikkje over fleire buskarar. Osg har derfor tatt kontakt med ein annan fosterteljar som kan ta ein del buskarar på Osterøy. Er du interessert i teljing, kan du ta kontakt med Ronny Sylta.

Semin på sau: OSG organiserer semin på sau, med felles tinging av frosen sæd. 6 medlemmer inseminerte sauer sist haust. OSG har fleire medlemmer som er godkjende for naboinseminering, og er du interessert i å få inseminert sauer til hausten, er det berre å ta kontakt.

Landbruksdagar på Osterøy: Osterøy Bondelag, Osterøy Bonde- og Småbrukarlag, Osterøy Bondekvinneleg, Osterøy Skogeigarlag og Osterøy Fjordhestlag samarbeider om Landbruksdagane på Osterøy. Laga har bestemt at det skal vera Landbruksdagar hausten 2012, truleg 29. og 30. september. OSG har fått ansvar for alle dyra. Verlamkåringa til hausten vert på Landbruksdagane.

E-postadresse Å senda brev i posten er dyrt, å senda e-post er gratis. Laget kan derfor spara ein god del pengar, og styret kan informera betre til medlemane aktuelt stoff om alle medlemane som har e-postadresse sender denne til Kjell Lohne.

Styret vil takka medlemene for godt samarbeid, det er alltid lett å få folk til å hjelpa når det er bruk for det. Spesielt takk til dei som var med på dugnad på Grønskaret, og dei som er med når me har tilstellingar innafor gjetarhundarbeidet.

For styret

Eiliv Veseth, leiar

